



Arkivnr: 2017/1129-1
Saksbehandlar: Jostein Farestveit

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkesutvalet		22.02.2017

Partnerskapsmidlar til regionale næringsaktørar

Samandrag

Fylkesutvalet vedtok i august 2013 gjeldande retningslinjer og forvaltingspraksis for næringsretta utviklingsaktørar (PS 199/2013). Med dette som bakgrunn, , samt ramma fylkestinget vedtek til formålet i si budsjetthandsaming, gjer fylkesrådmannen kvart år ei ny vurdering av gjeldande partnerskapsavtalar med omsyn til lenging, avslutning og etablering av nye avtalar.

Dei næringsretta aktørane som vert vurdert til partnerskapsmidlar skal gjennom bestemte aktivitetar og tiltak medverke til å oppfylle mål i Regionale næringsplan 2013-2017, Handlingsprogram for næringsutvikling og eventuelle næringsretta strategiar innan det aktuelle feltet.

I oktober 2016 vart alle partnarar varsla om at all partnerskapsstøtte for 2017 kunne verte redusert eller terminert, som følgje av mindre midlar over budsjettposten «HNH statlege overføringar» og endra målstruktur for dei same midlane. Dei endra føresetnadane medfører at Fylkesrådmann treng å prioritere enno sterkare korleis tilgjengelege midlar skal fordelast.

Fylkesrådmannen legg i denne saka fram korleis midlane på fylkesbudsjettet sin posten «Næringsretta partnerskapsmidlar» bør fordelast. Vidare foreslår Fylkesrådmann kor stor del av «HNH statlege overføringar» som bør brukast til partnerskapsmidlar og fordelinga av desse midlane.

Totalt syner denne saka fordeling av støtte på kr 15 297 000.

Forslag til vedtak

1. Fylkesutvalet vedtar slik støtte til næringsretta utviklingsaktørar over budsjettposten «Næringsretta partnerskapsmidlar» for 2017
 - Fjord Norge AS kr 3 000 000
 - Reiseliv: fellesoppgåver kr 1 010 000
 - Regionråda i Hordaland kr 1 012 000
 - Western Norway Film Commission kr 500 000
 - Mediefondet Zefyr AS kr 900 000
 - Maritimt Forum Bergensregionen kr 450 000
 - Design Region Bergen kr 450 000
 - Nordiske mediedager kr 200 000
 - HOG Energi kr 750 000
 - Impact Hub Bergen kr 526 000
 - Bergen Vitensenter kr 3 000 000
 - Connect Vest kr 500 000

2. Fylkesutvalet vedtar slik støtte til næringsretta utviklingsaktørar over budsjettet
Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland 2017:
 - Atheno kr 683 000
 - Nyskapingsparken Inkubator kr 683 000
 - Industriutvikling Vest kr 683 000
 - Ungt Entreprenørskap i Hordaland kr 400 000
 - Mediaregion Bergen kr 350 000
 - Matarena AS kr 200 000

3. Ordninga med næringsretta partnerskapsmidlar vert gjennomgått av fylkesrådmann og eit framlegg til ei søknadsbasert ordning vert fremja til politisk handsaming våren 2017.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Bård Sandal
fylkesdirektør regional utvikling

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 05.02.2017

1. Bakgrunn

Gjeldande retningslinjer og forvaltningspraksis for regionale næringsretta utviklingsaktørar vart vedtatt av Fylkesutvalet i august 2013 (Sjå kapittel 9 i denne saka). På grunnlag av dette vedtaket, samt ramma fylkestinget vedtek til formålet i si budsjetthandsaming, fremjar Fylkesrådmannen årleg ei sak som omhandlar partnerskapsmidlar til næringsretta utviklingsaktørar. Partnerar som vert løyvd denne støtta vert vurdert som viktige for å nå dei næringspolitiske måla i Regional næringsplan for Hordaland 2013-2017 og Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland.

Fylkeskommunal støtte til samarbeidspartnerar vert gjeve over fylkeskommunen sin budsjettpost «Næringsretta partnerskapsmidlar» som i 2017 er på kr 12 048 000. Denne posten er vorte gradvis redusert frå 2012 og fram til i dag med 3 mill kr etter budsjettvedtak i Fylkestinget. For 2017 nyttast også kr 250 000 frå budsjettpost «HNN – fylkesmidlar», slik at samla tildeling over «Næringsretta partnerskapsmidlar» vert kr 12 298 mill. Fram til 2017 vart òg støtte til Business Region Bergen AS løyvd over den same posten, men desse midlane er i Hordaland fylkeskommune sitt budsjett for 2017 omdisponert til dei to prosjekta «Etablerersenteret» og «Invest in Bergen», ref. sak i Fylkestinget RS 24/2016.

I tillegg støttar fylkeskommunen prioriterte samarbeidsaktørar over budsjettpost «HNN-statlege overføringar» (Regionale utviklingsmidlar). Aktørar som får støtte over dette budsjettet er i hovudsak aktørar som er i ein utviklingsfase og aktørar som er med i nasjonale næringsutviklingsprogram. Også dei statlege overføringane har vorte kraftig redusert frå 2012 og fram til i dag.

For 2017 har «HNN-statlege overføringar», som vert løyvd over Statsbudsjettet, i tillegg fått ei sterkare målstyring og klare føringar for kva fylkeskommunen ikkje lenger er plikta til å støtte. Forvaltningsrevisjonen som vart gjennomført for «HNN statlege overføringar» i 2016, verkar òg inn på tildelinga for partnerskapsmidlane i 2017.

Fylkesrådmannen ønskjer òg ei enno sterkare prioritering av dei økonomiske verkemidla knytt til næringsutvikling framover.

På bakgrunn av desse endringane føreslår Fylkesrådmann å avsetje kr 2,999 mill i næringsretta partnerskapsmidlar over «HNN-statlege overføringar» i 2017.

Grunna endringane gjeldande «HNN statlege overføringar» for 2017, som vart gjort kjend ved framlegginga av Statsbudsjettet i oktober 2016, vart alle partnerane som mottar denne støtta frå Hordaland fylkeskommune varsla i brev datert 7. oktober 2016, om at støtta for 2017 kunne verte redusert eller terminert for 2017. Det vart sendt ut eit oppfølgingsbrev gjeldande støtta 6. januar 2017, om at tildeling av midlar vil verte gjort i Fylkesutvalet 22. februar 2017.

I denne saka er ikkje vurderinga for kvar aktør i høve dei vedtekne vurderingskriteria gjeve att. Fylkesrådmann viser til PS 27/2015 og PS 8/2016, for desse vurderingane i sin heilskap.

2. Tidlegare handsaming

Fylkesutvalet vedtok 29.08.2013 (Sak 199/13) prioriteringskriterier og forvaltningsregime for støtte til regionale næringsretta utviklingsaktørar. Kriteria er gjeve att i sin heilskap i kapittel 9 i denne saka.

Fylkesutvalet vedtok 29.01.2015 (PS 27/2015) fordeling av partnerskapsmidlar, for inntil tre år.

Fylkesutvalet vedtok 29.01.2016 (PS 8/2016) fordeling av partnerskapsmidlar for 2016 og 2017.

I tillegg vart følgjande vedtak gjort:

3. For all støtte under punkt 1 og 2 gjeld at støtte for 2017 kan verte justert/endra som følgje av den årlege budsjetthandsaminga i fylkeskommunen, og/eller som følgje av endra nasjonale rammer og tildelingar til regional utvikling i fylkeskommunane.

4. Fylkesrådmannen kjem tilbake med ei eiga sak om fylkeskommunen sitt vidare samarbeid med aktørar som er med i nasjonale næringsutviklingsprogram frå og med 2017.

5. Ordninga med næringsretta partnerskapsmidlar vert gjennomgått av fylkesrådmannen, og eit framlegg til ei søknadsbasert ordning vert fremja til politisk handsaming i midten av 2017.

6. Det vart lagt fram ei eiga sak om Filmfondet Fuzz våren 2016 gjeldande ny struktur og fylkeskommunen si rolle i fondet.

3. Sterkare prioritering av fylkeskommunen sine økonomiske verkemidlar

Noreg har ei klar deling mellom dei tre virkemiddelaktørane Innovasjon Noreg, Norges Forskningsråd og SIVA (Statsforetak som har til formål å tilrettelegge for utvikling av nytt næringsliv i Norge gjennom å investere i innovasjonsselskaper og næringsseiendom).

- Innovasjon Noreg er i hovudsak virkemiddelaktøren for bedriftsetablering og bedriftsutvikling.
- Noregs Forskningsråd finansierer i hovudsak forskning i næringslivet, academia og offentleg sektor.
- SIVA er hovudfinansierar for tilretteleggande infrastruktur for næringsmiljø, herunder Næringshageprogrammet og Inkubasjonsprogrammet.

Alle tre er eigarar av det nasjonale Klyngeprogrammet «Norwegian Innovation Clusters» som finansierer ARENA-, NCE- og GCE-klynger.

«HNH statlege overføringar» skal legge til rette for nærings- og lokalsamfunnsutvikling, og medverke til å styrke omstillingsdyktigheita i alle regionar i fylket. Hordaland fylkeskommune freistar å dekke manglar i virkemiddelkjeda, og har særskilt hatt vellukka utteljing i både næringshageprogrammet og Klyngeprogrammet. Dei regionale utviklingsmidlane vert nytta i tidleg fase i gryande klynger og nettverk, for å styrke slike initiativ inn mot nasjonale støtteordningar. Slik sikrar ein òg at føringane for midlane vert tatt i vare, ved at dei har utløysande effekt for nye initiativ. Korkje SIVA eller Innovasjon Norge har lenger midlar til liknande forprosjekt, og fylkeskommunen styrkar difor det nasjonale virkemiddelapparatet godt.

Aktørar som får støtte over fylkeskommunen sin budsjettpost «Næringsretta partnerskapsmidlar» er i hovudsak aktørar som ikkje har anna tilgjengeleg nasjonal finansiering. Desse er jamt over heilt avhengig av fylkeskommunalt bidrag for å kunne gjennomføre sitt virke.

Fylkesrådmann vurderer at denne prioriteringa av verkemidla må styrkast ytterlegare dei komande åra, både for å sikre at midlane vert nytta mest hensiktsmessig, men òg får å møte dei måla som er sett for regional utvikling, både nasjonalt og regionalt.

4. Nasjonale føringar

Forskrifta for distrikts- og regionalpolitiske verkemidlar, med verknad frå 1. januar 2017, regulerer forvaltinga og bruken av midlane fylkeskommunen vert løyvd over Statsbudsjettet under programkategori 13.50.

Denne seier at midlane i hovudsak:

- Ikkje kan nyttast til drift av organisasjonar, men at det er gjeve unntak for nye organisasjonar i ein utviklingsfase på inntil fem år
- At utviklingsaktørar som er med i nasjonale næringsutviklingsprogram og Ungt Entreprenørskap kan gjevast støtte i programperioden.

Desse føringane inneber at nye aktørar som er i ein utviklingsfase kan støttast med midlar over «HNH statlege overføringar», medan etablerte aktørar må løyvast partnerskapsmidlar over andre fylkeskommunale budsjettpostar. Dette skjer i praksis over budsjettposten «Næringsretta partnerskapsmidlar».

Den nye målstrukturen for dei Regionale utviklingsmidlane opererer med to hovudmål:

1. Omstillingsdyktig næringsliv og lokalsamfunn i distrikta
2. Omstillingsdyktige regionar

Aktørar som får partnerskapsmidlar over «HNH statlege overføringar» har ei særskilt rolle i å medverke til desse måla, og Fylkesrådmannen har vurdert målstrukturen opp mot tildelinga av partnerskapsmidlar for 2017.

5. Gjennomgang av ordninga med næringsretta partnerskapsmidlar

Det gjeldande forvaltingsregimet for næringsretta partnerskapsmidlar har vore gjeldande sidan 2013, og har òg vore gjenstand for forvaltingsrevisjonen som vart gjennomført for «HNH Statlege overføringar»(Regionale utviklingsmidlar).

Forvaltingsrevisjonen som var gjennomført i 2016, stiller viktige spørsmål kring ordninga med partnerskapsmidlar som Fylkesrådmannen vil utgreie i 2017.

Mellom anna peikar revisjonen på at det er trong for å tydeleggjere korleis nye aktørar kan søkje om opptak til ordninga, og sikre at tildelingskriteria er gjort godt nok kjend for potensielle søkarar. Den peikar òg på at fylkeskommunen må sikre at midlane vert nytta i tråd med «Forskrifta for distrikts- og regionalpolitiske virkemidler», herunder at midlane ikkje vert nytta til drift av næringsorganisasjonar.

Forvaltingsrevisjonen gjev nyttige innspel for det vidare arbeidet med å følgje opp vedtakspunkt 5 frå PS 8/2016:

«5. Ordninga med næringsretta partnerskapsmidlar vert gjennomgått av fylkesrådmannen, og eit framlegg til ei søknadsbasert ordning vert fremja til politisk handsaming i midten av 2017».

På bakgrunn av dette vedtaket vert det difor berre løyvd midlar for året 2017 i denne saka.

Aktørar i nasjonale næringsutviklingsprogram

Fylkesrådmannen valde å trekke saka knytt til fylkeskommunen sitt samarbeid med aktørar som er med i nasjonale næringsutviklingsprogram hausten 2016, då målstruktur og føringar for «HNH statlege overføringar» for 2017 var gjort kjend. I 2017 er mellom anna kravet om fylkeskommunal medfinansiering i Næringshageprogrammet tatt bort, samstundes som at SIVA (Selskapet for industrivekst) har fått auka overføringar frå departementet.

For i enno større grad å kunne nå måla som no er sett for bruken av «HNH statlege overføringar», vil ein for 2017 freiste å dreie ein større del av midlane frå reine partnerskapsmidlar til konkrete utviklingsprosjekt frå dei ulike aktørane. Det vert difor lagt fram vesentlege endringar i støtta til aktørar som er med i nasjonale næringsutviklingsprogram.

6. Trong for endring i støttenivå til aktørar

Denne saka omtalar alle aktørane som fylkeskommunen støttar med partnerskapsmidlar. Aktørane får finansiering over to ulike budsjettpostar med ulike føringar:

- Fylkeskommunen sine egne midlar over «Næringsretta partnerskapsmidlar»
- Regionale utviklingsmidlar over «HNH statlege overføringar»

Fylkesrådmann har sett seg nøydd til å justere eller terminere fleire av partnerskapsmidlane for 2017, uavhengig om aktørane si støtte er vedtatt i tidlegare fylkesutvalssaker. For 2017 er òg støtta til aktørar som tidlegare ikkje har tatt større kutt blitt foreslått redusert.

Alle partnarar har vorte varsla om mogelege endringar i partnerskapsmidlane både i oktober 2016 og januar 2017, kor dei er bedne om å ta omsyn til mogelege endringar i budsjettet sitt for 2017.

Alle partnerskapsavtalar inneheld ei formulering som byggjer opp under vedtaka frå tilsvarande partnerskapsaker i 2014, 2015 og 2016:

«For all støtte under punkt 1 og 2 gjeld at støtte for 2017 kan verte justert/endra som følgje av den årlege budsjetthandsaminga i fylkeskommunen, og/eller som følgje av endra nasjonale rammor og tildelingar til regional utvikling i fylkeskommunane».

Det er for 2017 ikkje vurdert nye aktørar inn på budsjettet. Dette vil det verte opna for gjennom ei eventuell søknadsbasert ordning for 2018.

I denne saka er ikkje vurderinga for kvar aktør i høve dei vedtekne vurderingskriteria gjeve att. Fylkesrådmann viser til PS 27/2015 og PS 8/2016, for desse vurderingane i sin heilskap.

7. Gjennomgang og vurdering av aktørar med støtte over budsjettposten «Næringsretta partnerskapsmidlar»

I tabellen under er det gjeve ei samla oversikt over fylkesrådmannen sitt forslag til aktørar som skal løyvast støtte over denne budsjettposten. I teksten under vert det gjort ei grunngeving for støtta.

Den økonomiske ramma er på kr 12 298 mill.

Oversikt over støtte frå budsjettposten "Næringsretta partnerskapsmidlar" (Tal i heile 1000 kr)

Organisasjon	Støtte i 2016	Støtte i 2017	Kommentar
Fjord Norge	2 400	3 000	Fylkesutvalet nytta disposisjonsfond på kr 0,6 mill i 2016, slik at samla løyving vart kr 3 mill
Marknadsføringsmidlar til destinasjonsselskapa	600	0	Noko av midlane er omdisponert til Reiseliv: fellesoppgåver
Reiseliv: Fellesoppgåver	800	1 010	Styrke fellesprosjekt mellom destinasjonsselskapa
Western Norway Film Commission	500	500	
Regionråda i Hordaland	1 012	1 012	
Mediefondet Zefyr AS	300	900	Fylkesutvalet i PS 177/2016 auka løyvinga til kr 0,9 mill
Maritimt forum Bergensregionen	500	450	
Design Region Bergen	500	450	
Nordiske mediedager	250	200	
HOG Energi	850	750	
Impact Hub Bergen	570	526	Einaste aktør innan sosialt entreprenørskap
Bergen Vitensenter AS	3 550	3 000	Øyremerking av vidaregåande skular sin bruk av senteret er tatt bort (kr 500 000)
Connect Vest	0 (540)	500	Flytta frå «HNN statlege overføringar
SUM	11 832	12 298	I 2016 gjekk også støtte til Business Region Bergen over denne posten, i tillegg vart eit prosjekt avslutta, slik at reell sum var kr 15 983

Fjord Noreg

Hordaland fylkeskommune er ein av eigarane i Fjord Norge AS og er saman med fylkeskommunane i Rogaland, Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal største samla eigar. Saman med dei andre fylkeskommunane har Hordaland støtta Fjord Norge AS med midlar øyremerka internasjonal

marknadsføring på vegne av reiselivsaktørane i Hordaland. Vilkår for bidraget er definert i ei eiga avtale som er felles for dei fire fylka.

I 2016 la Fylkesrådmann fram ei tilråding om støtte på kr 2 400 000, men Fylkesutvalet gjekk inn med resterande kr 600 000 frå eige disposisjonsfond.

Fylkesrådmann tilrår difor at Hordaland fylkeskommune held ved like tilskotet til Fjord Norge AS med kr 3.000.000 i 2017.

Destinasjonsselskapa

Destinasjonsselskapa i Hordaland har over tid fått støtte frå Hordaland fylkeskommune, først som driftsstøtte og så øyremerka til nasjonal marknadsføring. Dei fire selskapa varierer stort både når det gjeld areal, talet på medlemmar, tilkomstmoglegheiter og typen tilbod som utgjør reiselivsproduktet i regionen. I den seinare tida ser vi store endringar når det gjeld marknadsføringa av reiseliv. Med utviklinga av internettløyser og synlegheit gjennom sosiale media, blir kvaliteten på tilbodet stadig viktigare. Avstandar blir mindre for gjesten som brukar internett til å vurdere ei reise.

Fylkesrådmannen ynskjer å stimulere destinasjonsselskapa til felles handling for å styrke kvaliteten på reiselivsproduktet, og vidarefører ikkje støtta til dei enkelte destinasjonsselskapa for 2017. Samstundes blir tilskotet til felles tiltak styrka. Destinasjonsselskapa blir også oppmoda til å søkje om støtte til utviklingstiltak som kjem heile eller fleire regionar til gode.

Felles tiltak for destinasjonsselskapa

Sidan Hordaland Reiselivslag vart lagt ned i 2009 har Hordaland fylkeskommune sett av midlar til destinasjonsselskapa i Hordaland til felles tiltak. Dei fire destinasjonsselskapa (Bergen Reiselivslag, Destinasjon Voss, Reisemål Hardangerfjord og Samarbeidsrådet for Sunnhordland) er samde om å nytte desse midlane til ein felles ressurs med oppgåver definert av selskapa sjølve. Destinasjonsselskapa har over tid utvikla eit særskilt godt samarbeid, og har jamlege møte for å gjennomføre eksisterande tiltak, samt diskutere nye måtar å samarbeide på. Gjennom samarbeidet løftar dei ulike selskapa Hordaland som eit felles reiselivsprodukt der dei einskilde regionane får vise fram sine unike kvalitetar som samla utgjør eit meir heilskapleg og attraktivt reisemål. Det er eit ynskje frå Hordaland fylkeskommune å stimulere til ytterlegare samarbeid mellom dei fire eksisterande destinasjonsselskapa.

Fylkesrådmann rår til å styrke tilskotet til felles aktivitetar for destinasjonsselskapa i 2017 og løyver kr 1 010 000 til dette føremålet.

Western Norway Film Commission

Vestnorsk filmkommisjon er eit prosjekt under Vestnorsk filmsenter som marknadsfører og legg til rette for Hordaland og Vestlandet som innspelingsstad for internasjonale film- og tv-produksjonar. Filmkommisjonen koplar utanlandske produsentar med lokale samarbeidspartnarar frå filmbransje og lokalmiljø, og hjelper internasjonale produksjonar i spørsmål om til dømes logistikk og finansieringsmoglegheiter.

Regjeringa har for 2017 sett av kr 56 millionar til incentivordninga for utanlandske filmproduksjonar som administrerast frå Bergen. Samstundes er det, opp til regionane sjølv å halde seg med filmkommisjonar, då en nasjonale filmkommisjonen er lagt ned.

Vestnorsk filmkommisjon famnar om, og er finansiert av Fylkeskommunane i Møre og Romsdal, Sogn og Fjordane og Hordaland.

Fylkesrådmann rår til at støtta på kr 500 000 vert vidareført i 2017.

Mediefondet Zefyr AS

Medifondet Zefyr AS er resultatet av ei konsolidering mellom Filmfondet Fuzz og Filmkraft Fond i Rogaland og famnar om dei sju fylka Møre og Romsdal, Sogn og Fjordane, Hordaland, Rogaland, Vest Agder, Aust Agder og Telemark. Mediefondet er ein særskilt viktig aktør i å sikre at audiovisuelle produksjonar vert produsert i regionen, og er ei sterk motvekt til filmmiljøet rundt Oslofjorden.

Fondet er avhengig av regionale midlar til forvaltning og det vert motteke driftsmidlar frå dei nemnde fylkeskommunane, i tillegg til Bergen kommune, Arendal og Kristiansand kommune.

Fylkesutvalet vedtok 23.06.2016 (PS 177/2016) å løyve kr 900 000 til Mediefondet Zefyr i 2016 og 2017. I 2016 fann Fylkesrådmann midlar til å finansiere 600 000 over budsjettet for næringsutvikling, men er for 2017 avhengig av at det vert gjort rom på posten for «Næringsretta partnerskapsmidlar» til heile løyvinga.

Fylkesrådmann rår til å løyve kr 900 000 til Medifondet Zefyr AS for 2017.

Regionråda i Hordaland

Fylkesrådmann rår til å oppretthalde løyvinga til regionråda i 2017, då dei er viktige samarbeidspartnarar for fylkeskommunen. Regionar som får utvida oppgåver knytt til regionale etablererfond vil verte prioritert med noko meir midlar enn dei dei andre regionane. Fylkeskommunen vil i samråd med regionråda finne ein rettvis modell for deling av dei resterande midlane.

Fylkesrådmann rår til at det vert sett av kr 1 012 000 til Regionråda i Hordaland i 2016.

Maritimt forum Bergensregionen

Maritimt Forum Bergensregionen er ein nettverksorganisasjon som arbeider for heile den maritime klynga, og medverkar til auka klyngesamarbeid, synleggjering, rekruttering, miljøvenlege løysingar og myndigheitskontakt. Maritimt forum tar ei heilskapleg rolle for den maritime klynga i Bergen og medverkar til å nå næringspolitiske mål på ein god måte.

Fylkesrådmannen rår til at Maritimt forum vert løyvd kr 450 000 for 2017.

Design Region Bergen

Design Region Bergen fyller ei rolle innan designdriven samfunns- og næringsutvikling og i skjeringspunktet mellom næringar. DRB har drive fram ei rekkje prosjekt dei siste åra, og særskilt positive er etableringa av bedriftsnettverket DesignARENA, som mottar midlar frå det nasjonale Klyngeprogrammet. Vidare har DRB mellom anna gjennomført fleire tverrfaglege prosjekt, seinast ein pilot på ei utdanning innan metoden «design thinking», og etablert RAFF designuke som ei årleg hending.

Fylkesrådmannen rår til at Design Region Bergen vert løyvd kr 450 000 for 2017.

Nordiske mediedagar

Nordiske mediedagar er Nordens største årlege mediefaglege konferanse og samlar kvart år rundt 1800 deltakarar frå alle spekter i mediebransjen.

Fylkeskommunen har vore støttepartnar over ein tiårs-periode.

Fylkesrådmannen skulle gjerne sett at ein større del av støtta vart vridd over til konkrete utviklingsprosjekt, til dømes knytt til samarbeidsprosjekt i vidaregåande skule, og ønskjer å stimulere dette i dei komande åra. I 2017 vert det føreslått eit nedtrekk i partnerskapsmidlane på kr 50 000, men Nordiske mediedagar vil verte oppmoda om å søke klarare utviklingsprosjekt som i større grad medfører måloppnåing i HNH.

Fylkesrådmann rår til at Nordiske mediedagar vert løyvd kr 200 000 for 2017.

HOG Energi

HOG Energi er ein medlemsorganisasjon som har som føremål å syte for at energiressursane i Hordaland vert nytta til verdiskaping i fylket på ein optimal måte. Fylkesrådmannen erfarer at dette er ein organisasjon som spelar ei viktig rolle i større omstillingsprosjekt i fylket.

Fylkesrådmann rår til at HOG Energi vert løyvd kr 750 000 i 2017. Kr 100 000 av løyvinga vert sett av til å dekke fylkeskommunen sin medlemskontingent.

Impact Hub Bergen

Impact Hub Bergen fungerer primært som eit arbeidsfellesskap men tilbyr og hjelp til gründerar i tidleg fase gjennom mellom anna kompetanseheving og lokale og globale nettverk.

Impact Hub Bergen er fylkeskommunen sin einaste partnar knytt til sosialt entreprenørskap.

Fylkesrådmann rår til at Impact Hub Bergen vert løyvd kr 526 000 for 2017.

Bergen Vitensenter AS

Bergen Vitensenteret AS er eigar av VilVite som er eit populærvitskapleg opplevings- og læringscenter for teknologi og realfag. Innsatsen er særleg innretta mot barn og unge.

Hordaland Fylkeskommune var ein av initiativtakarane og stiftarane til Bergen Vitensenter AS, og er ein av medeigarane med ein eigardel på 19 prosent.

Bergen Vitensenter AS har motteke driftsstilskot frå fylkeskommunen sidan VilVite-senteret opna i 2007.

Den årlege tildelinga er delt i eit beløp som utgjer ramma for vidaregåande skular sin bruk av ViilVite (500 000), og eitt beløp som utgjer ei generell driftsstøtte. Fylkesrådmann tar for 2017 vekk ordninga med øyremerking av midlar til vidaregåande skular si bruk av senteret. Billettutgiftene må skulane sjølv dekke over egne budsjett.

Samarbeidet er forankra i eigarskapet med tilhøyrande styrerepresentasjon, og partnerskapsavtala. Bergen Vitensenter har ikkje vore råka av nedskjeringar over partnerskapsmidlane, og utgjer no ein forholdsvis stor del av budsjettposten «Næringsretta partnerskap». Vurdert mot konkrete aktivitetar som skal gje mål oppnåing for regional næringsutvikling i Hordaland, kan ikkje støtta ligge på dette nivået, samanlikna med andre utviklingsaktørar.

Fylkesrådmann vil be Bergen Vitensenter søkje om konkrete utviklingsprosjekt, som kan gje effektar for omstillinga til eit grønare nærings- og samfunnsliv, og vil gå i dialog med Bergen Vitensenter for å samarbeide om dette.

Fylkesrådmann rår til at Bergen Vitensenter AS vert løyvd kr 3 000 000 for 2017. Det vert ikkje gjeve ei løyving knytt til vidaregåande skular si bruk av senteret.

Connect Vest

Connect Vest er ein non-profit medlemsorganisasjon, som koplur saman gode idear og vekstselskap med ressurspersonar som har kommersialiseringserfaring og investeringskapital innan ulike bransjar. Connect Vest har mellom anna nytta verktoya sine aktivt inn i omstillingsaktivitetar innan leverandørindustrien til olje og gass.

Partnerskapsmidlane til Connect Vest må frå 2017 takast for budsjettet for «Næringsretta partnerskap» då dei har fått løyving over «HNN statlege overføringar» i fem år.

Fylkerådmann rår til å løyve kr 500 000 til Connect Vest over budsjettpost «Næringsretta partnerskapsmidlar».

8. Gjennomgang av aktørar med støtte over «HNN statlege overføringar» 2017

I tabellen under er det gjeve ei samla oversikt over Fylkesrådmannen sitt forslag til aktørar som skal løyvast støtte over «HNN statlege overføringar» i 2017. I teksten vert det orientert om dei endringane som vert føreslått for 2017.

Den økonomiske ramma er på kr 2 999 mill.

Aktørar med støtte over «HNN statlege overføringar» (Støtte i heile 1000 kr)

Organisasjon	Støtte i 2016	Støtte i 2017	Kommentar
GCE Subsea	550	0	
NCE Tourism Fjord Norway	350	0	Vil verte løyvd kr 150 000 av uteståande midlar overført frå 2016
NCE Media	350	0	
NCE Maritime Cleantech	350	0	
NCE Seafood Innovation Cluster	450	0	
Atheno	1 200	683	Kr 400 000 av løyvinga har tidlegare vore nytta på ein nodestruktur, som SIVA no har gått bort frå.
Industriutvikling Vest	0	683	Løyvd kr 700 000 tidlegare år, men nytta ubrukte midlar i 2016, slik at løyvinga frå HFK

			utgjekk
Nyskapingsparken inkubator	900	683	
Nordhordland næringshage	300	0	Kompensert av SIVA
Næringshagen i Gulen og Masfjorden	150	0	Kompensert av SIVA
Næringshagen på Voss	300	0	Kompensert av SIVA
Næringshagen i Hardanger	300	0	Kompensert av SIVA
Ungt Entreprenørskap	400	400	
Mediaregion Bergen	450	350	Avtale om fallande støtte pr år
Matarena AS	200	200	Ny i 2016
Connect Vest	540	0	Flytta til «Næringsretta partnerskapsmidlar»
SUM	6 790	2 999	

NCE –ar og GCE

Klyngeprogrammet – «Norwegian Innovation Clusters»

«Norwegian Innovation Clusters» (NIC) er eit statleg finansiert klyngeprogram som skal bidra til verdiskaping gjennom berekraftig innovasjon. Programmet tilbyr fagleg og finansiell støtte til utvikling av næringsklynger som er nasjonalt eller internasjonalt konkurransedyktige innan sitt fagområde. NIC er eit samarbeid mellom Innovasjon Norge, SIVA (Selskapet for industrivekst) og Forskringsrådet, og vert finansiert av Nærings- og fiskeridepartementet og Kommunal og moderniseringsdepartementet. Programmet består av tre nivå, ARENA, NCE og GCE.

Fylkeskommunen har hatt ein praksis med å gå inn i klyngene i ei tidlegfase for å styrke den regionale innsatsen i desse. Klyngene er no i ferd med å «modnast» og fylkesrådmannen erfarer at fram i tid vil dei beste resultatane få ein når klyngene enten einskildvis, eller samla, søker om konkrete utviklingsprosjekt innanfor fylkeskommunen sine satsingsområde.

I tillegg er den statlege driftsfinansieringa til klyngeprogrammet auka. Klyngene mottar mellom 4-6 millionar i offentleg støtte årleg (8-10 mill kr for GCE), og får i tillegg ekstra midlar knytt til internasjonalt samarbeid og prosjektutvikling frå Klyngeprogrameigarane.

Fylkesrådmann rår difor til å gå bort frå ordninga med reine driftsmidlar til klyngene, men heller oppmode dei om å søke om konkrete utviklingsprosjekt i tråd med dei politisk vedtekne styringsdokumenta for næringsutvikling.

«NCE Tourism Fjord Norway» vil likevel få tildelt noko midlar, då klynnga er eit samarbeid mellom dei fire vestlandsfylka, og dei tre fylka Møre og Romsdal, Sogn og Fjordane og Rogaland har vedtatt støtte på kr 150 000 kvar i 2017. Fylkesrådmann vil nytte midlar som var sett av til NCE-en i 2016, men ikkje nytta, til dette føremålet.

Næringshagane i Hordaland

Næringshageprogrammet – (programeigar SIVA)

Ein næringshage samlokaliserte utviklingsorienterte bedrifter for å fremje vekst, samarbeid og utvikling. I næringshagen får bedriftene tilgang til kompetanse, nettverk og eit fagleg og sosialt fellesskap. Næringshagane skapar verdi for bedriftene, lokalsamfunnet og det regionale næringslivet. Privat næringsliv skal alltid vere pådrivarar til prosessen rundt etablering og utvikling av ein næringshage.

I oppdragsbrevet til Fylkeskommunane frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet, gjeldande dei Regionale utviklingsmidlane («HNH statlege overføringar») er kravet om medfinansiering frå fylkeskommunen i SIVA sitt Næringshageprogram tatt bort. SIVA, som er eigar og drivar av programmet, er

samstundes kompensert for dette, slik at næringshagane samla vil ha minst den same finansieringa som tidlegare.

Fylkesrådmann rår til at støtta til næringshagane vert tatt bort for 2017, og vil i dialog med næringshagane og SIVA freiste å finne gode utviklingsprosjekt som vil styrke næringshagane i staden.

Inkubatorane i Hordaland

Inkubasjonsprogrammet – (programeigar SIVA)

Inkubasjon er eit verktøy for utvikling av nye bedrifter, eller for å skape vekst i eksisterande bedrifter. I ein inkubator får gründerar tilgang på profesjonelle forretningsutviklarar, rådgjevarar og investorar. Målgruppa for inkubatorar skal vere vekstbedrifter og idear med stort vekstpotensial, som til dømes knoppskytingar frå eigen organisasjon eller idear frå eksterne idekjelder.

Inkubatorane er finansiert av Nærings- og fiskeridepartementet, Kommunal og moderniseringsdepartementet og Landbruks- og matdepartementet, og mottar årleg samla støtte på mellom kr 1.5 og 5 mill kr frå departementa (via SIVA).

Inkubatorane i Hordaland gjer eit viktig arbeid i ei endrings og omstillingstid der nyskaping er sentralt. Inkubatorane har motteke midlar frå fylkeskommunen i ei årrekke. Med reduserte midlar til rådvelde for næringsutvikling, og ei spissing av målstrukturen, ser Fylkesrådmann seg nøydd til å ta ned støtta til desse i 2017.

Atheno har tidlegare vore løyvd 1 200 000 i året. 400 000 av desse midlane har vore knytt til nodar i fleire kommunar, basert på ein struktur som SIVA no går bort frå. Basisløyvinga har slik vore kr 800 000 årleg. Atheno har tilhaldsstad på Stord.

Industriutvikling Vest har vore løyvd kr 700 000 årleg, men i 2016 nytta dei ubrukte midlar frå privat næringsliv, slik at dei ikkje trengte den årlege løyvinga frå fylkeskommune. Inkubatoren har tilhaldsstad i Knarvik.

Nyskapingsparken Inkubator er lokalisert på Marineholmen i Bergen, og har mottatt kr 900 000 årleg frå Hordaland fylkeskommune. Nyskapingsparken er den einaste inkubatoren som er lokalisert i bergensområdet.

Fylkesrådmann rår til at støtta til inkubatorane vert harmonisert og rår til å tildele kr 683 000 til kvar inkubator i 2017. Alle tre er viktige aktørar innan næringsutvikling og omstillingsarbeidet i Hordaland, og vil oppmodast til i enno større grad til å søke om midlar til konkrete utviklingsprosjekt.

Ungt Entreprenørskap

Ungt Entreprenørskap arbeider for å gje born og unge forståinga for betydninga av verdiskaping og nyskaping i næringslivet. I Hordaland har Ungt Entreprenørskap samarbeid med og aktivitetar i 19 av kommunane i Hordaland, og arbeider for å auke dette talet. Organisasjonen arbeider for å styrke og utvikle Elevbedrifter i grunnskolen, Ungdomsbedrifter i den vidaregåande skulen og studentbedrifter på høgskolen.

Fylkesrådmann rår til å støtte Ungt Entreprenørskap med kr 400 000 for 2017.

Mediaregion Bergen

Mediaregion Bergen er medlems- og interesseorganisasjonen for medieklynga i Bergen, og skal mellom anna legge til rette for høgare innovasjons- og forskingsaktivitet i medlemsbedriftene, skape internasjonale konkurransefortrinn for mediebedrifter i Bergen, legge til rette for betre ressursutnytting ved samlokalisering av mediebedriftene, og auke utviklinga av nye teknologiprodukt med marknadspotensial.

Mediaregion Bergen arbeider særskilt med to store satsingar som vert viktige i Media City Bergen; Greenhouse og medialab. Desse to gjevne prosjekta vert hovudsatsinga på entreprenørskap og innovasjon i Media City Bergen, og Mediaregion Bergen har ansvaret for å konseptutvikle og drifte desse arenaene.

Mediaregion Bergen har som mål å verte levedyktige utan for mykje offentleg støtte og har lagt opp til ei fallande støtte frå Hordaland fylkeskommune gjennom tre år, med siste år i 2017.

Fylkesrådmann rår til å løyve 350 000 til Mediaregion Bergen for 2017.

Matarena AS

Matarena AS vart oppretta hausten 2014 av næringsaktørar frå sjømatnæringa og landbruksnæringa for å auke samhandling mellom blå og grøn sektor i Hordaland. Matarena AS skal fremje matkompetanse og mattradisjonar i fylket, noko som er viktig no som Bergen har fått UNESCO-status som gastronomiby. Støtta frå Hordaland fylkeskommune er viktig i ein utviklingsfase for å gjere Matarena AS til ein økonomisk berekraftig organisasjon. Matarena AS vert vurdert til ein viktig paraplyorganisasjon for å få ei felles satsing på blå og grøn mat, knytt mot reiselivsopplevingar. 2017 vert det andre året for Matarena AS med partnerskapsmidlar frå Hordaland fylkeskommune.

Fylkesrådmann rår til å løyve Matarena AS 200 000 for 2017.

9. Vurderingskriterier for partnerskapsmidlar

Fylkesutvalet gjorde i vedtak 29.08.2013 (Sak 199/13) følgjande prioriteringskriterier og forvaltingsregime for støtte til regionale næringsretta utviklingsaktørar.

1. Fylkeskommunal støtte til regionale næringsretta utviklingsaktørar skal vurderast ut frå desse kriteria:

a) Aktørane skal gjennom definerte aktivitetar og tiltak medverke til å oppfylle mål og prioriterte innsatsområde i regional næringsplan, regionalt utviklingsprogram og eventuelle vedtekne næringsretta strategiar på det aktuelle feltet.

b) Er fylkeskommunal støtte avgjerande for eksistensen for samarbeidsaktørane, eventuelt for dei aktivitetane fylkeskommunen ønskjer å styrke.

c) Vil fylkeskommunal støtte medverke til betre samarbeid og fagleg koordinering av innsatsen i høve til andre aktørar med same eller tilgrensande arbeidsfelt/fagområde.

d) Vil fylkeskommunal støtte medverke til betre ressursutnytting gjennom fysisk same lokalisering, felles kontortenester etc.

e) For prosjekt og einingar under nasjonale næringsutviklingsprogram blir det i tillegg lagt inn som eit prioriteringskriterium om fylkeskommunale midlar vil ha ein utløysande effekt ved etablering eller medverke til monaleg høgare aktivitetsnivå. Dette skal også gjelde regionale tiltak og einingar med tilsvarande formål, men som ikkje er med i nasjonale program.

2. Forvaltingsregime for handsaming av søknader om støtte frå regionale næringsutviklingsaktørar:

a) Alle saker om fleirårige samarbeidsavtaler og støtte skal handsamast av fylkesutvalet.

b) Avtalene skal vere tidsavgrensa til ein periode på 3 år, men kan i tilfelle der det er særlege grunnar for det, gjelde for inntil 5 år. I ei sak om vidareføring for ein ny periode, skal samarbeidet vurderast i høve til inngått avtale og til punkt 1 over.

c) Moglegheita for finansiering av ein aktør over RUP budsjettet for ein periode på 3 til 5 år skal normalt nyttast før ein eventuelt fremmer forslag om overføring til budsjettposten Mellombelse driftstilskott. Aktørar som blir finansiert over Mellombelse driftstilskott, skal normalt ikkje overførast til RUP budsjettet sjølv om omfanget av samarbeidet blir justert/endra.

d) Fylkeskommunal støtte til aktørar under ordningar i regi av dei nasjonale virkemiddelaktørane skal skje frå RUP budsjettet, også utover ein periode på 5 år, dersom ikkje særskilte forhold talar for noko anna. Der dette er mogleg, vil dette også gjelde andre regionale aktørar med tilsvarande føremål og organisering, men som av ulike grunner ikkje er med i ei ordning under dei nasjonale virkemiddelaktørane.

e) Saker om vidareføring av samarbeid må vere avgjort så tidleg på året at ei eventuell vidareføring av samarbeidet kan innarbeidast i budsjettet for året et